



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/9272
Arkivnr.:

Dykkar ref.:
Vår dato : 29.08.2003

Skolekontoret
5561 BOKN

Tilbakemelding etter besøk i Bokn kommune 18.02.03

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga var på kontakt- og tilsynsbesøk i Bokn kommune 18.02.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar.

Del 1:

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med informantar frå skole og PPT.

Del 2:

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønskje om å sette på dagsorden.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Svein Ove Alvestad | ordførar |
| Jan Erik Nygaard | rådmann |
| Dag Halvorsen | seksjonssjef |
| Ingjerd Ellingsen | rektor Bokn skule |
| Sigrunn Hole Hosaas | leiar av driftsstyret |
| Jan Sollid | lærar, tillitsvald |
| Jorunn Schmeicler | lærar, verneombud |
| Per Helge Sunde | Foreldre (FAU) |
| Espen Alvestad | Foreldre (FAU) |
| Therese Våge | elev |
| Natalie Grønnestad Våge | elev |
| Svein Helgesen | utdanningsdirektør |
| Audun Gjerde | rådgivar |
| Rune Andersen | rådgivar |

DEL 1

Intervju/samtaler med fokus på skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling, med basis i forskrift til Opplæringslova, §2-1:

”Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Hovudtrekka frå samtalane er stikkordsmessig oppsummerte i eit skjema som følgjer denne rapporten som eige vedlegg, umtatt offentlegheita. Skjemaet er å sjå på som intern informasjon for kommunen. Vi erfarer under slike samtalar at spesielt foreldre og elevar kan oppleve temaet skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling som noko vanskeleg å uttale seg om. Utdanningsdirektøren vil derfor presisere at den skjematiske oppsummeringa kun tar mål av seg til å referere og få fram informasjon, synspunkt og vurderingar som kom fram under samtalane med informantane frå skolen.

Utdanningsdirektøren meiner likevel at den stikkordsmessige oppsummeringa frå samtalane gir viktig og nyttig informasjon og signal som leiinga både på kommune- og skolenivå kan og bør ta tak i, og som bør drøftast nærmere i det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen.

DEL 2

Aktuelle saker/tiltak i Bokn kommune – orientering og drøfting

Rammer, ressursar og skoleanlegg

Standarden på skoleanlegget på Bokn er god, med gode arbeidsplassar både for klassar og for den enkelte elev. Ny avdeling/lokaler for ungdomstrinnet, nytt mediatek og auditorium, samt folkebiblioteket si nye plassering i skolen, er vel tilrettelagt for nye føretak innan skoleutvikling. Tilbakemeldingar frå elevar, lærarar og føresette er svært gode. Kommunen har vist vilje til å prioritere ressursar og innsats på område som kjem store delar av innbyggjarane i kommunen til nytte.

Bufellesskapa på Bokn

Føresetnaden for at ein elev frå Bufellesskapa på Bokn kan starte ved Bokn skule, er at skuleleiinga, ut frå ei totalvurdering i samarbeid med Hollenderhaugen skolesenter, tilrår dette. Kommunen si erfaring er at det krev klare avtalar og gode samarbeidsrutinar mellom kommunen og etatar om slike ”giesteelevsordningar” skal bli vellukka. Dagens ordning har i periodar vore eit slitasjemoment på Bokn-samfunnet og på Bokn skule, der Bokn som arbeidsgjevar og lærarane ikkje har forutseielege rammevilkår. Gjennom ein treårig avtale med fylkeskommunen trur Bokn kommune at alle forhold rundt ”giesteelevordninga” vil bli betre ivaretatt. Avtalen er under utarbeiding, og dialogen med fylkeskommunen er positiv.

Orientering om fylkesmannsembetet

Etter ønskje frå rådmannen blei det gitt ei kort orientering frå utdanningsdirektøren om den nye organiseringa av fylkesmannsembetet. Rådmannen var spesielt oppteken av om forma på kommunebesøka vil bli endra som følgje av den nye stukturen. Erfaringar med ulike former for statleg tilsyn viser at det er store variasjonar i kor konkrete og forpliktande dei er for kommunen i forhold til oppfølging.

Utdanningsdirektøren meiner dialogforma (mellan kommunen og utdanningsavdelinga) fortsatt bør vere sentral, men at tilbakemeldingane bør vere tydelege. Han opnar samtidig for moglege endringar som følgje av omorganisering og intern evaluering.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket:

I St.meld. nr. 29 (1994-95) blir det streka under at: "Skolebasert vurdering er ledd i skolens utvikling og skal hjelpe skolens personale til å realisere prinsipper og mål for opplæringen. Skolebasert vurdering gjør det mulig å vurdere i hvilken grad praksis og resultater er i samsvar med de formål skolen er satt til å realisere. Det er eit ansvar for kommunane å sjå til at skolane jamleg vurderer organiseringa, tilrettelegginga, gjennomføringa og vurderinga av opplæringa. På kvar skole er det eit ansvar for skoleleiinga å ta initiativ til og styre den skolebaserte vurderinga. Leiinga har ansvar for å involvere personalet. Det er viktig at også elevane og foreldra tek del i den skolebaserte vurderinga når det gjeld emne som særleg vedkjem dei."

I lys av dette synest Bokn kommune framleis å ha betydelege utfordringar når det gjeld arbeidet med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling på skolenivå og kommunenivå. Ein bør arbeide målretta med å utvikle gode rutinar kontinuerleg skolevurdering. Det vil gje sitt til at skolen kan utvikle og betre praksisen sin til beste for læringsutbyttet i vid forstand. Systemet bør skrifteleggjarast for å virke meir forpliktande på alle partar.

Samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av skolen si samlande verksemdebør vere ei sentral utfordring for heile personalet ved skolen, i nært samarbeid med elevar og foreldre. I denne prosessen er det viktig å skape eit eigarforhold til utviklinga, slik at ein kan ivareta og vidareutvikle engasjement og deltaking i utviklingsarbeidet hos dei ulike aktørane. Elevane bør få større medverknad, både i høve til planleggjring og gjennomføring av læringsarbeidet, og det bør arbeidast mot ein betre dialog mellom heim og skole.

Kommunen sin bruk av årsmelding, der det blir gitt rom for tilbakemelding frå lærarar, foreldre og elevar, viser ei positiv utvikling i kommunen sitt arbeid med kvalitetssikring. Skolen starta og hausten 2002 arbeidet med å ta i bruk "Elevinspektørane", eit elektronisk spørreskjema utvikla av Læringsenteret, kor elevane på ungdomstrinnet kan vere med på å vurdere opplæring og skole. Responsen frå elevane har vore god.

Bokn skole sine plandokument viser at deltakinga i PILOT-prosjektet har vore til stor nytte, med auka bruk av IKT som verktøy i undervisninga både på ungdomssteget og mellomsteget. Prosjektleiar ved Utdanningsavdelinga ønskjer å melde at Bokn skole viser eit svært positivt engasjement i dette arbeidet.

Ny avdeling på ungdomstrinnet, auditorium og klasse/arbeidsrom som er tilpassa den nye læreplanen og dei nye arbeidsformane, viser tydeleg at skulen har vore høgt prioritert i Bokn kommune.

Utdanningsdirektøren vil avslutningsvis takke Bokn kommune for eit hyggelig og godt tilrettelagd besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

Rune Andersen
rådgivar

*Saksbehandlar: Rune Andersen
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 37
E-post: rune.andersen@fm-ro.stat.no*

Vedlegg: Skjematisk oppsummering frå intervju/samtalar (unntatt offentlegheit)